



Osterøy entreprenør AS  
Hauge  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1578 - 16/13006

Saksbehandlar:

Marit Nedreli

marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:

28.06.2016

## Hauge - gjeld legging av vass- og avlaupsleidningar frå Oddalsmyra næringsområde gnr. 4, bnr. 120 og 122 til kommunale leidningar på gnr. 4, bnr. 2

**Ansvarleg søkjar:** Osterøy entreprenør AS, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

**Tiltakshavar:** Osterøy entreprenør AS, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

**Heimelshavar gnr. 4, bnr. 2** Anders Hauge, Hauge, 5281 Valestrandsfossen.

Kommunen mottok søknad om løyve til tiltak på gnr. 4, bnr. 120 og 122 den 30.06.2010.

Det går ikkje fram av søknaden at søknaden skal omfatte tiltak på andre eigedomar enn gnr. 4, bnr. 120 og 122, jf. plan- og bygningslova § 21-6.

Kommunen har ikkje motteke søknad om tilkopling til kommunale vass- og avlaupsleidningar og dokumentasjon som syner at tiltakshavar har tinglyst rett til å leggje vass- og avlaupsleidningar over andre sin grunn, jf. plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.

Kommunen har ikkje motteke dispensasjonssøknad om legging av vass- og avlaupsleidningar i LNF-område, jf. plan- og bygningslova §§ 11-6 og 11-7, nr. 5, bokstav a.

Kommunen har i vedtak av 24.08.2010, saksnr. 293/10 gjeve løyve til terrengarbeid og planering av Oddalsmyra næringspark på Hauge. Arbeidet omfattar nytt kanalisert vegkryss Fv 566 Hannisdalslina til det nye industriområdet på ca. 60000 m<sup>2</sup>, og opparbeiding av VVA fram til dei ulike tomteareala. Vegkryssarealet samt offentlege vegar inn til dei ulike tomteareala får lysanlegg.

Det er søkt om dispensasjon frå reguleringsplanen, det er vist til terrengtilhøve samt krav frå Statens vegvesen. Endringane gjev slakare vegar og mindre terrengforskjellar som er positivt i høve til helse, miljø, tryggleik og tilgjenge. I tillegg vert massebalansen betre.

Kommunen minner om at det er krav om søknad om løyve til legging av vass- og avlaupsleidningar, jf. plan- og bygningslova § 20-1, og at dersom plasseringa er i strid med arealdelen i kommuneplanen er det vidare krav om dispensasjon, jf. plan- og bygningslova kap. 19, jf. § 11-6, jf. § 1-6, 2. ledd.

---

**Post**

post@osteroy.kommune.no  
Dokumentsenteret  
5282 Lonevåg

**Kontakt**

www.osteroy.kommune.no  
Telefon 56 19 21 00  
Telefaks 56 19 21 01

Konto  
Org.nr. 864.338.712

Kommunen legg til grunn at det er starta opp arbeid med legging av vass- og avlaupsleidningar frå næringsområde Oddalsmyra på gnr. 4, bnr. 120 og 122 eigedomen gnr. 4, bnr. 2, Hauge, utan at det ligg føre søknad om løyve til tiltak.



Føresegner om søknadsplikt fylgjer av plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-2, flg., jf. forskrift om byggesak (SAK) kap. 3, 4 og 5.

Kommunen vurderer tiltaket som eit tilhøve i strid med plan- og bygningslova.

#### **Frist for retting**

Det ulovlege tilhøvet må rettast innan 20.07.2016.

Retting må skje ved at tiltaket vert ført tilbake.

Kommunen må få skriftleg melding når arbeidet er ført tilbake. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

#### **Innsending av søknad i ettertid**

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan fristen for retting 20.07.2016.

Søknaden vil verte handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak om ulovlege tilhøve verte avslutta.

#### **Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting**

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte fylgd opp med pålegg om retting etter plan- og bygningslova § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert fylgd, kan kommunen utferde førelegg etter plan- og bygningslova § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på egedomen.

#### **Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt**

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter plan- og bygningslova § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. plan- og bygningslova § 32-6.

#### **Rett til å gje uttale**

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan 20.07.2016.

#### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/1578

Med helsing

Jostein Førre  
Rådmann

Marit Nedreli  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*

#### **Vedlegg:**

4-2 synfaring 28062016 - kart

**Kopi til:**

Osterøy Entreprenør AS

Hauge

5281

VALESTRANDSFOSSEN

**Mottakar:**

Anders Hauge

Hauge

5281

VALESTRANDSFOSSEN

Osterøy entreprenør AS

Hauge

5281

VALESTRANDSFOSSEN